

INFORMASJON

HYRDINGRØYSTA

NR. 2/2026

SOMMAR

Grunnlagt 1938

87. årgang

God sommar!

Frå redaksjonen

Vi let oss lure, eller kven kan ein stole på?

Sommaren står for døra. Det har han gjort sidan mars, men vi har vorte lurt mange gonger. No er vi komne langt ut i mai, og har same temperaturen som vi hadde i vinter. Blomstrane som vi ynskte å plante ut i mars – april, har ikkje hatt stor glede av å komme ut frå eit varmt gartneri, eller anna varmt rom dei har stått i. Hja meg som ynskjer å plante og få fram ein del blomster sjølv, har glaskarmane stått fulle av utplantingsklare blomar lenge, og eg vatnar på harde livet. Ein leigd kjellar står full med fuksia og knollar som har overvintra, frø som har spirt, og alle dei ventar på å komme ut. Kan eg skulde på meteorologane? - eller må eg ta skulda sjølv, som har lete meg lure av klar himmel, kalde netter og lange, solfylte dagar, men ikkje varme dagar. Eg har i alle fall fått potetene og kornet i jorda, for dei skal ligge ei stund der under jorda før dei krev lys, luft og varme.

Det er mange ting vi let oss lure av, og då vil eg komme litt inn på politikk, men ikkje partipolitikk. Eit godt lønsoppgjær, låg rente, høge drivstoffprisar, høge matvareprisar, låge/høge straumprisar. Vi klagar og klagar, og mange har sikkert grunn til å klage. Eg har ikkje nokon straksløysing, men eg har eit forslag som vil krevje litt av mange, og kan hende vil gje oss betre oversikt og ei aha-oppleving, og ein kan lure berre seg sjølv. Om alle startar med å sette opp den inntekta ein har per månad, og så set opp alt ein må ha for å leve, ikkje kva ein ynskjer å ha, kan det hende at ein får eit meir nyansert bilde av korleis situasjonen er, totalt sett. Dei økonomispecialistane

som kjem fram på skjerm eller i media elles, lurar oss med måten dei framstiller heile situasjonen på. Vi let oss lure av reklamebransjen som fortel om alt vi treng for å ha eit godt liv. Kan hende hadde det vore godt for mange sin økonomi om ein hadde fått tilgang til mykje mindre reklame. Alle influensområde lurar oss til å tru at vi treng alt mogeleg, og av eksklusive merke. Journalistane lurar oss med å ikkje fortelje heile sanninga.

Så kan vi gå til idretten, og der let vi oss i alle fall lure, og dei lurar kvarandre. Vi stolar på dommarane, vi stolar på journalistane. Var ballen utanfor bana, var heile ballen utanfor bana. Snubla ho, eller vart ho skubba. Handsa han, eller var det uråd å ha handa ein annan plass. Vi er patriotar eller bryr oss ikkje, og det avgjer korleis vi let oss lure i slike tilfelle.

Ein kan halde på å ramse opp kva som er å bli lurt, men det er ikkje poenget. Poenget er at vi høyrer, trur, og sluttar å tenke grundig over det som vert servert. Difor er vi lette å lure, og konsekvensane kan bli store i mange høve, og det blir stadig påstandar som ikkje blir dokumenterte. Informasjonsmengda er vorten for stor og uoversiktleg, det er òg ein måte å bli lurt på

God sommar, og lat deg ikkje lure om det er mogeleg.

Hildegunn Huus

KYRKJA I JØLSTER

KYRKJEKONTORET

☎ 57 82 81 80

Ope tysdag 9-15: Tilsette kan treffast etter avtale også resten av veka.

post.jolster@sunnfjordkyrkja.no
www.kyrkja.no
www.facebook.com/kyrkeneijolster

HOVUDKONTORET I FØRDE

☎ 57 82 81 80

epost: sunnfjord@sunnfjordkyrkja.no

Sunnfjord kyrkjelege fellesråd:

Bjørn Harald Haugsvær ☎ 480 07 375

Ålhus sokn:

Annette Slåtten ☎ 971 21 363

Helgheim sokn:

Hildegunn Huus ☎ 417 58 462

Fungerande sokneprest

Geir Sørøbø ☎ 957 29 172
epost: gods@online.no

Kantor

Rune Molvik ☎ 991 27 430
epost: rune.molvik@sunnfjordkyrkja.no
Kontortid tysdag kl. 9-15

Kyrkjelydspegagog

Silje Sørøbø ☎ 473 99 492
epost: silje.sorebo@sunnfjordkyrkja.no

Trusoppplærar:

Gerd Sunde Førde
epost: gerd.forde@sunnfjordkyrkja.no

Sekretær Toril Øye

Kontortid tysdag kl. 9-15
epost: post.jolster@sunnfjordkyrkja.no

Kyrkjevevjerje Sissel Vartdal

☎ 489 91 257
epost: sissel.vartdal@sunnfjordkyrkja.no
Kontortid etter avtale

Ass. kyrkjevevjerje og økonomileiar

Trond Herløvsund ☎ 489 58 086
epost: trond.herlosund@sunnfjordkyrkja.no

Driftsleiar

Ingvar Vagstad ☎ 911 38 732
epost: ingvar.vagstad@sunnfjordkyrkja.no

Kyrkjegardsarbeidar/driftsleiar

Helge Ardal ☎ 976 49 016
epost: helge.ardal@sunnfjordkyrkja.no

Ålhus kyrkje/Vassenden kyrkjesenter

Kyrkjetenar/reinhold:
Aman Beyene ☎ 998 65 659

Klokkar dugnad etter liste

Helgheim kyrkje

Kyrkjetenar/Klokkar:
Solrunn Dvergsdal og Karen Elise Erikstad
Reinhold: Aman Beyene

Utleigenummer Misjonshuset på Skei

☎ 959 48 849

Utleige Vassenden kyrkjesenter

☎ 971 20 085

v:pps

HYRDINGRØYSTA
kyrkjelydsblad Jølster
#31680



Bladpengane er den viktigaste inntektskjelda vår. Om alle betalar kan vi lage eit både fylldigare og betre blad.

Kontonummer
3703.30.09225

ANDAKT

Ved HARALD FORLAND



«Hos deg er livsens kjelde»

Det var kjekt å bli spurd om å skrive andakt til kyrkjebladet. Kona mi Aslaug er frå Skei, og vi budde i Breim i 14 år medan eg var prest i Gloppen, til hausten 2011. No er vi pensjonistar og bur på Askøy, men vi tek ofte turen til Skei og Aslaug sin barndomsheim der. Sjølv vaks eg opp på Vereide i Gloppen.

Det var kjekt å bli spurd om å skrive andakt til kyrkjebladet. Kona mi Aslaug er frå Skei, og vi budde i Breim i 14 år medan eg var prest i Gloppen, til hausten 2011. No er vi pensjonistar og bur på Askøy, men vi tek ofte turen til Skei og Aslaug sin barndomsheim der. Sjølv vaks eg opp på Vereide i Gloppen.

Vi ser spirande nytt liv rundt oss. Det gror og veks i alle hagar og oppover liene heilt til snøfenner på toppane. Og ned frå fjellet og gjennom grøne dalar brusar og renn det friskt, kaldt vatn. For meg er naturen på sitt vakraste på denne tida når det går mot sommar. Dette vekker undring og ettertanke: Kvar har livet sitt opphav? Og kven har gitt oss livet? Eit vers i Salme 36,10 i Det gamle testamentet svarar. «*For hos deg er livsens kjelde, i ditt lys ser vi lys.*» Med undring kan vi løfte blikket til vår Skapar. Gud blir kalla «livsens kjelde».

Salmane i Bibelen talar ærleg om livet, med lengsel og smerte, klage og anger, takk og lovsong. Dei gjev oss ord til å søkje Gud med alt som ligg oss på hjartet. Eg er spesielt glad i Salme 36. Guds omsorg blir skildra med bilete frå naturen. Her er nokre vers til: *Herre, til himmelen når di miskunn, til skyene*

rekk din truska. Di rettferd er som mektige fjell, som det store havdjup er dine dommar. Herre, du bergar både menneske og dyr. Kor verdfull din kjærleik er, Gud! I skuggen av dine venger søker menneskeborna ly.

I møte med skaparverket har menneske til alle tider undra seg. Vi ser naturen rundt oss med fjell og dalar, elvar og vatn. Vi gleder oss over alt det skapte og kjenner varmen frå sola. Og på klare netter kan vi gå ut og undre oss under ein uendeleg stjernehimmel. Alt kan gje oss aningar om ei mektig skaparhand. Dei gamle keltarane sa at skaparverket er den kappa Gud kler seg i. Kanskje det er difor mange av oss finn ro i sjela ute i Guds natur?

Eg var heldig og fann kona mi i Jølster. Vi gifta oss i Helgheim kyrkje i 1978. I alle år sidan den gongen har fjellturar på ski og til fots i Jølster vore noko å sjå fram til. Toppene rundt Jølstravatnet og Stardalen har lokka på oss: Bjørga, Snønipa, Hanekammen, Isvassnipa, Gotdalsnipa, Olahansen og mange fleire. «*Di rettferd, Gud, er som mektige fjell*» står det i Salmen. Fjella er det faste og uforanderlege som gjev oss utsikt og livsrom, men òg set ei grense for det vi kan sjå og vite noko om. Gud som mektige fjell seier meg noko om ein uransakleg og stor Gud, alltid større enn det eg kan gripe og forstå.

Kor verdfull din kjærleik er, Gud! I skuggen av dine venger søker menneskeborna ly. Dette fortel meg at vi menneske er meir verdt for vår Skapar enn vi ofte tenkjer. Hos Gud finn vi ly i livets stormar slik ein fugleunge finn ly under fuglemor sine venger. Også lyset og varmen

eg får kjenne og ta imot på ein fin sommardag peikar mot Guds omsorg: I Guds lys ser vi lys. Vi får tru at våre korte liv er omslutta av Guds kjærleik.

Men gjennom livet skjer det også mykje vi ikkje forstår, og mange mellom oss blir ramma av tunge slag og ulukker. Ofte sit vi att med undring og spørsmål når vi ser oss tilbake. Kvar finn vi trøyst og hjelp i tunge tider? - når vi er redde og alt er mørkt og stengt for oss? Mange av oss har erfart at Gud sender medmenneske til oss når vi treng det mest. Nokon som ser oss og er saman med oss. Og i Jesu liv mellom oss her på jorda blir Guds omsorg synleg og konkret. Jesus gjekk vår veg inn i mørke og død og bar vår skuld for å setje oss fri. Jesus kjem til oss med trøyst og håp når alt er mørkt og stengt for oss. I Jesus møter vi Gud som elsker oss og set oss fri frå døden og mørkets makter. Jesus seier: *Eg er lyset i verda. Den som følger meg, skal ikkje vandra i mørket, men ha livsens lys.* I desse orda høyrer eg ein vennleg invitasjon. Midt i alt som skjer kan eg kome med sukk og bøn, lengsel og spørsmål til han som går ved vår side. I ei bok om bøn får eg dette rådet: «*Stol på at Gud søker deg og elsker deg uendeleg mykje meir enn du søker han og elsker han.*»

«*Hos deg er livsens kjelde. I ditt lys ser vi lys.*»



HYRDINGRØYSTA

kjem ut med fire blad i året, og vert sendt til alle husstandar i Jølster som informasjon.

Ein giro på kr 250,- vert sendt ut med bladet ein gong i året. Betalinga er frivillig. Annonseren støttar bladet med kr 1000,- for fire annonser i fire nummer pr år.

For abonnentar utanom kommunen: kr 350,- pr år. Må tingast. Kontonummer til Hyrdingrøysta: 3703.30.09225.

Bladet slit med økonomien så det er viktig at alle betalar. Alternativet er å legge ned bladet.

BLADSTYRET:

Hildegunn Huus
Ingrid Søyland
epost: hildegso@online.no
soyland.ingrid@gmail.com

Neste utgåve
kjem på seinsommaren


FRISTAR 2026

Frist for stoff til
Hyrdingrøysta i 2026:
Haustnr.: 1. september
Julenr.: 21. november

I DENNE SPALTA tenkte vi at du kan skrive om eit dikt du likar. Skriv gjerne korleis du vart kjend med diktet, kvifor du likar det, om det påverkar deg på ein spesiell måte,

om du tykkjer det utfordrar deg, gjer deg glad, trist, eller gjer deg ettertenksam. Du kan sjølv velje om du vil presentere heile diktet eller berre nokre vers av det dersom

det er veldig langt. Så er det fint om du utfordrar nokon som kan presentere sitt dikt i neste nummer av bladet. (Legg ved eit bilete av deg sjølv.)



Fagert er landet

Fagert er landet du oss gav
Herre, vår Gud og vår Fader
Fagert det stig av blåe hav
soli ho sprett og ho glader,
signar vårt land i nord og sud,
såleis di åsyn lyser Gud
over vårt Noreg i nåde.

Likjest vårt folk i mager jord
skjelvande blomen på bøen,
står utan livd i vind frå nord
rett innmed kanten av snøen.
Herre, du ser med miskunn ned,
folket vårt gjev du livd og fred,
er oss så kjærleg ein fader.

Her ned i grunnen sveitten rann
trufast åt fedrane våre;
her dei sin heim og hugnad fann,
dogga med smil g med tåre.
Her har det flødt ei såkornflod
varm av vårt beste hjarteblod,
her har me grorbotn å veksa.

Tidi ho renn som elv mot os,
fort skifter sumar med vetter.
Fader, ver alltid Noregs los
radt til dei seinaste ætter!
Herre vår Gud, vårt Noregs Gud,
varda vårt land frå fjell til flud,
lær oss å gå dine vegar!

Signa då, Gud, vårt folk og land,
signa vårt strev og vår møde,
signa kvar ærleg arbeidshand,
signa vår åker med grøde!
Gud, utan deg den vesle urt,
Veiknar og visnar, bleiknar bort,
ver du oss ljuset og livet!

Anders Hovden

Norunn Indrebø er fødd og oppvaksen i Angedalen, og no busett på Skei i Jølster. Ho er ein aktiv pensjonist, er mellom anna med i frivillig arbeid.

Eit dikt eg er glad i

Då eg vart spurd om eg hadde eit dikt, song eller ein salme eg lika spesielt godt, var ikkje valet så vanskeleg: «Fagert er landet du oss gav».

Denne songen gjev meg ro og varme i hjarta. Teksten er so fin og håpefull. Minner meg om tru, samhald og alt det gode vi har rundt oss. Blir rørt av å synge den i lag med andre i fellesskap. Melodien er og ein stor del av kvifor songen rører meg. Den er mjuk og høgtidleg samtidig. Det gjer at songen kan kjennast både glad og litt vemodig på same tid.

Songen passar fint no det er vår! Spesielt 17. mai. Flagget til topps. Grøne lier, blått Jølstravatn og kvite fjelltoppar. Kan det bli finare? Eg er så takksam for å bu her i Jølster og i vårt vakre, trygge Norge.

Ikkje alle har det like godt som oss. Tenkjer på dei som



Norunn Indrebø

lever i krig og andre katastrofar ute i den urolege verda i desse tider. Lever i redsle og er utrygge kvar dag.

Heldige vi som får leve i det trygge landet vårt.

Norunn Indrebø

Orientering om stell av graver på Helgheim kyrkjegard, for dei som treng litt hjelp

Det er mogeleg å få hjelp til å plante på graver på Helgheim Kyrkjegard om ein betalar ein liten sum. Summen går til å kjøpe nødvendige plantar, og ein liten del til den som plantar og reinskar litt.

Helgheim sokneråd har vedteke følgjande takstar:

Ei planting tidleg på sommaren pluss litt reinsking	kr. 500,00
To plantingar gjennom sesongen pluss litt reinsking	kr. 800,00
Meir enn to plantingar og litt haust lyng eller liknande, og litt reinsking	kr. 1300,00

De kan ta kontakt med Hildegunn Huus tlf. 417 58 462.

«Eg er verdas lys. De er lyset i verda.»

I mangel på eigen prest, er det Silje Sørebo som så langt har teke ansvar for konfirmantane i Jølster. Det har ho gjort på ein framifrå måte.

Tekst og foto: STEINAR DVERGSDAL
OG INGRID SØYLAND

Konfirmantane har hatt forebuingar og konfirmantleir, og det heile toppa seg i samtalegudsteneste med konfirmantfest og konfirmasjons-gudstenester i Helgheim kyrkje, Vassenden kyrkjesenter og Ålhus kyrkje. I samtalegudstenesta var det konfirmantane som gjennomførte det meste. I denne gudstenesta song alle konfirmantane i Jølster i kor. Konfirmantane song også i kor når dei er delte opp til konfirmantgudstenester i dei enkelte kyrkjene.

Det vart skapt ei høgtidsam og verdig stemning, men òg lun og venleg. På same tid kom Silje med godt gjennomtenkte og kloke råd og visdomsord for livet. Konfirmantane strålar i denne råma. Vi andre tok til oss visdomen som ho og konfirmantane spreidde. «La ikkje det vonde få vinne over deg, men vinn over det vonde med det gode!» «Når eg sjølv ikkje kan gå, ber Gud mitt liv.»

Dei fire konfirmantane på Ålhus «slapp» å synge i kor. Silje tok utgangspunkt i tydinga av namna deira, som i vidare tyding førte til dei gode orda styrke, beskyttar, å bidra og å høyre til. Deretter framførte ho ein rap som tala direkte til dei fire. Dette fordi det truleg var det siste konfirmantkullet ho hadde ansvar for i Jølster, sa ho. La oss håpe ho ikkje får rett – Silje er uvanleg dyktig i arbeidet ho gjer for kyrkja.



Konfirmentar i Ålhus kyrkje.



Konfirmentar i Helgheim kyrkje.



Desse høyrer vi ofte, ser dei sjeldan: Anne Turid Taklo og Rune Molvik.



Konfirmentar i Vassenden kyrkjesenter.

Geir Sørebo avslutta vikariatet med pinsegudsteneste

Første pinsedag hadde Geir Sørebo si siste gudsteneste som vikarprest i Ålhus sokn (for denne gong...). Det var ei gudsteneste med nattverd og dåp, og mykje folk var samla.

Tekst og bilete:
INGER JOHANNE KLAKEGG

I preika si peika Sørebo på det Jesus sa før han sende læresveinane ut på oppdrag. «Fred vere med dykk», sa han, og med fredshelsing sende han læresveinane ut, og han gav dei Den Heilage Ande til vegvisar.

Han minte oss om at alle som er døypte, har fått Den Heilage Ande og kan la seg rettleie av den gjennom livet.

Eit barn blei døypt denne søndagen, og Sørebo minte oss om at på den første pinsedagen var det 3000 som blei døypt, men dette var like stort.

Til slutt i gudstenesta overrekte Ingeborg Slåtten ein blomkebukett frå Ålhus sokn. Ho takka han for tida han har vore vikarprest og for alle dei gode tankane han har delt med oss i den tida han har vore her. Han vil bli sakna. Sørebo takka for blomar og



Geir Sørebo fekk blomar og takk då han avslutta vikartida si i Ålhus med pinsegudsteneste.

ord, og «held dora på gløtt» for å kome tilbake ved seinare høve, og det hausta han applaus for.

Ålhus sokn ønskjer Geir Sørebo ei fin tid som pensjonist, det er vel fortent.



Fin «friluftsgudsteneste» i grendabuset på Sunde. Geir fekk takk framfor altertavla. Takk til Hildegunn og Arne Per for kommune-våpenet som vart gáva til Geir.

Ny prest i Jølster!



Selma Dahle Kraft er ny prest i Jølster!

Det er tilsett ny prest i Jølster. Ho heiter Selma Dahle Kraft, og skal settast inn som prest i Jølster 23. august, med gudstenester i Helgheim kyrkje og Ålhus kyrkje.

De skal bli betre kjend med henne i eit seinare nummer av kyrkjebladet. Ho er ung og nyutdanna, så det vert spennande både for henne og oss.

Red.



Kyrkjelydsturen 22. august 2026

Frå Jølster til Vik i Sogn

Fengsel, gamalost, stavkyrkje, steinkyrkje,
Fritjof den frøkne, Ottar Wiik

I år går den årlege kyrkjelydsturen frå Jølster til Vik i Sogn. Om vi ikkje får oppleve alt som Vik er kjent for, skal vi i alle fall få med oss besøk i to av dei eldste kyrkjene i landet, Hopperstad stavkyrkje og Hove steinkyrkje. Stavkyrkja er bygd kring 1130 og steinkyrkja kring 1170. Geir Sørebo vert med. Han er godt kjend i Vik, frå han også der har vore vikarprest. Vi planlegg ei kort gudsteneste i Hove steinkyrkje.

Vi tek vegen over Gaularfjellet og får med oss utsiktsplassen der. Vidare til den 22 meter høge statuen Fritjof den Frøkne, på Vangsnes. I Vik er vi innom Ostebaren. Om du har ei ledig skive i nisteboksen, vert det høve til å legge på herleg «nylaga» gammalost frå verdas einaste gammalostysteri! Kanskje får vi til eit møte med Ottar Wiik og.. «For da står i statesikkjen å då må da vera sant..»

Bussavgang frå Firda Billag sin parkeringsplass på Skei kl. 07.30 laurdag 22. august.

Påmelding til: Toril Øye på kyrkjekontoret, tlf 57828180
e-post, toril.oye@sunnfjordkyrkja.no

Astrid Aardalsbakke Feldt, tlf. 41684368, e-post, astridaafeldt@gmail.com

Steinar Dvergdsdal

Er hodet ditt fullt
med



Ring eller skriv. 22 40 00 40
Vi er her. Alltid. soschat.no



Kinnaspelet



20. og 21. juni
Songen ved det store djup

TUREN TIL KINN OG TEATERET VED HAVET –
EI OPPLEVING DU IKKJE FINN MAKEN TIL!
BÅT FRÅ BERGEN OG FLORØ.



Sjå www.kinnaspelet.no for meir info og billett



Frå grasrota

I vår nye faste spalte «Frå grasrota» ønskjer vi å gje plass til alle som på ein eller annan måte forvaltar jorda og ressursane som Vårherre har gitt oss så rikeleg av.



Vi har flytta til Dvergsdalsdalen!

For litt over eitt år sidan tok vi eit verdival som mange kanskje ikkje heilt forstod. Vi gjekk frå eit ganske nytt og komfortabelt hus på Vassenden, med vassboren varme og det meste tilrettelagt, til eit nedlagt småbruk i Dvergsdalsdalen som ikkje har vore i drift på over 40 år. Her venta mykje arbeid, fleire spørsmål enn svar og ein kvardag som såg heilt annleis ut enn den vi kom frå.

Tekst og foto:
ANNA CECILIE SUNDE
MIDTTUN

Mange lurte nok på om vi var heilt sikre på kva vi gjorde. Det har vi kanskje spurt oss sjølve om

enkelte dagar òg. Likevel kjenner vi no, etter eitt år her oppe, at dette var riktig for oss.

Vi hadde reist til Dvergsdalsdalen mange gongar gjennom åra, både sommar og vinter. Kvar

gong vi kom hit kjende vi på noko vi ikkje fann i byggefeltet – stillheita, fjella, naturen og den rolege kvardagen. Hjorten som kjem ned på bøen tidlege morgonar og seine kveldar, fuglar som kvitrar utanfor kjøkkenvindauget, og dagar der det ikkje er ein einaste lyd frå andre enn naturen rundt oss. Etter kvart vart det vanskeleg å sleppe tanken på eit enklare liv tettare på naturen, sjølv om det betydde mindre komfort og mykje meir arbeid.

Garden har vore i familien min i to generasjonar. Det var

bestefaren min som byrja bureisinga her oppe, og i 1945 flytta besteforeldra mine, Ingly og Daniel Sunde, inn på garden. Bestefar budde først i eit lite skur og bygde fjøsen, før han flytta inn med geitene og byrja å byggje huset. Den gongen var dette eit liv bygd opp frå grunnen med eigne hender, hardt arbeid og små ressursar. Her var både geiter, slåttemark og folk som levde av det garden gav. Seinare bygde foreldra mine nytt fjøs som framleis står her i dag.

*Blide karar.*

Eg er yngst av fem søstre, og den einaste som ikkje har budd her oppe før. Dei andre har opplevd både vindfulle vintrar og dårleg tilkomst til sentrum, så ingen av dei hadde lyst tilbake hit. Kanskje er det nettopp derfor eg fekk lyst til å prøve. No prøver vi å føre arven vidare og skape nytt liv på garden igjen, litt etter litt.

Vi jobbar begge turnus i ambulansetenesta, og det gjer at vi får ein del fridagar gjennom året. Dei dagane brukar vi stort sett her heime. Det er alltid noko som må ryddast, reparerast eller ordnast. Nokre dagar kjenner vi at prosjektet nesten er litt for stort, men samtidig gir det mykje mening å sjå at ting gradvis kjem til liv igjen.

Denne vinteren gav oss ein ganske brå start på gardslivet. Lite snø, mykje vind og frose vatn i månadsvis gjorde kvar dagen meir krevjande enn vi hadde sett føre oss. Den dagen vi eigentleg skulle selje huset på Vassenden, forsvann vatnet på garden. Då måtte vi ringe meklaren og be han vente litt. Akkurat då kjende vi veldig på kor enkelt det hadde vore å flytte tilbake til varmt hus og kommunalt vatn, der ein kan dusje utan å tenkje seg om.

Heldigvis har vi gode naboar og vener rundt oss – folk som har levd på gard litt lenger enn oss og som tenkjer klokt når vi

står fast. Med hjelp frå dei bygde vi eit lite vassverk, noko vi fekk god bruk for, heilt fram til vatnet kom tilbake 28. april.

Vi har to gutar, Levi på 10 og Lukas på 15 år, som trivst godt på Skei, og ei jente på 20 som bur i Førde og studerer sjukepleie. For oss er det viktig at ungane lærer verdien av arbeid og av å skape noko sjølve. Her får dei vere med på det meste. Dei har mellom anna bygd seg eiga sykkeløype, held på med motoriserte køyretøy, hjelper til med ved, og har stadig vener på besøk. Det er kjekt å sjå kor godt dei trivst med livet her oppe.

Planen vidare er å få meir liv på garden igjen. Kanskje blir det sau eller andre dyr etter kvart. Akkurat no er det likevel mest liv i altfor mange kaninar, to kattar og ein hund. Samtidig håpar vi at vi etter kvart kan dyrke meir av vår eigen mat og bruke meir av det garden gir oss.

Vi tek eitt steg om gongen og prøver å finne vår måte å leve på her oppe. Det er ikkje alltid enkelt, men akkurat no kjennest det meir riktig enn noko anna. Dei neste åra kjem nok til å gå med til å rydde, reparere og få ting i stand igjen. No håpar vi på ein like fin sommar som i fjor med mykje godt arbeid.

*Dvergsdalsdalen på hausten.**Vinter i dalen.*



Tre generasjonar.



Konsentrasjon!



Også påskeharen såg t

Glad song, eggjakt og påsk

Andre påskedag. Klokka nærmar seg 17 og kyrkjetid, og i kyrkjerommet sit eit tjuetals personar. Kjem det verkeleg ikkje fleire?

Tekst og foto: INGRID SØYLAND

Barnegospel skal synge, dei skal finne påskeegg, dei skal måle på egg.... plutselig aular det inn med ungar i alle aldrar, og vi pustar letta ut. Dei øvde berre, må vite.

Så vert det songglede, der Gerd Sunde og

Rune Molvik har regien. Det er alltid ei glede å høyre og sjå (ikkje minst!) små og store ungar synge av full hals. Song har ein periode vore nedprioritert i læreplanane for skulen, la oss håpe dette viktige faget kjem tilbake for folk sluttar å synge og altfor mange songar går i gløymeboka.

Konfirmantane har så ymse oppdrag i konfirmasjonstida. Denne dagen hadde dei plassert påskeegg i området rundt kyrkja. Det var full fart ut på leiting, og alle fann kvart sitt

egg. Påskeharen dukka òg opp der ute, mens vi vaksne kunne kose oss innandørs med vel-smakande kveldsmat og den viktige praten med sambygdingane.

Ungane hadde endå eit tilbod: Å måle på egg. Aktiviteten var upåklageleg, som bileta syner. Ein ettermiddag som denne, der alle generasjonar kan møtast, høyre song og gode ord, er viktig for det sosiale livet og samhaldet i kvar ei bygd. Vi ser gjerne fleire sambygdingar ved neste høve.



Kveldsmat.

Familien Årdal.





nnom.

ehare

*Oppgåve med alvor.*

Konfirmantane i Jølster = hardhausar



1. påskedag. Gudsteneste i Helgheim Kyrkje. To barnedåpar. To prestar. Konfirmantar frå to kyrkjelydar i Jølster. Ei nær fullsett kyrkje applauderer for konfirmantane sin framifrå korsong. Men konfirmantane slutta ikkje å imponere.

Tekst og foto: STEINAR DVERGSDAL



Nysnø nedetter dalsidene, kald nordavind og sludd i lufta. Dei iskalde bølgene slår mot stranda. Konfirmantane og presten deira, Silje Sørebo, stiller på rekkje på stranda. Eit samstemt skrik, og alle kastar seg i isvatnet.

Kyrkjelyden held pusten. Nokre snur seg bort. «Eg greier ikkje å sjå på.»

Prosten vart heft med dåpsfølgja inne i kyrkja. Men i solidaritet med dei unge, vert det ekstraframsyning i det Knut

Magne Nesse hoppar i vatnet.

Vi som ikkje er same «hardhausane» som konfirmantane, kosar oss med uteservert varm saft og kaffi og grilling på bål i fjæra.

Ely Cathedral Choir til Seljumannamesse 2026

På Seljumannamesse 5. juli i 2026 får vi storfint besøk av Ely Cathedral Choir frå England. Dette katedralkoret held til dagleg til i Elykatedralen i bispedømmet Ely i Cambridgeshire.

Katedralen er reist mellom 1083 og 1300-talet, og er bygd over eit eldre benediktinarkloster grunnlagt i 673 av prinsesse Æthelthryth, som seinare vart helgenkåra. Klosteret vart øydelagt av danske vikingar på 800-talet. Det er med andre ord nok av historiske trådar å spinne mellom Selja og Ely.

Katedralkoret i Ely er mange hundre år gammalt, og tradisjonen med dagleg kormusikk er framleis ein viktig del av aktiviteten i katedralen. Koret består av unge gutar og jenter, og vaksne profesjonelle songarar. I tillegg til å bidra under gudstenestene i Elykatedralen, reiser koret jam-



Delar av Ely Cathedral Choir. Foto: Ely Cathedra

leg på internasjonale turnear, gjer profesjonelle CD-innspelingar og framføringar i TV og radio.

Vi er så heldige å få besøk av gutekoret frå Ely med dirigent Edmud Aldhouse under Seljumannamesse I 2026, i samband med at koret skal på ein større Noregsturnè. Songarane i dette koret er mellom 7 og 13 år. Dei vil bidra med song både under Seljumannamesse i klosterruinane på Selja søndag 5.juli kl.12.00,

og ein eigen konsert i Selje kyrkje laurdag 4. juli kl.18.00.

Kanon dr. theol. Jenny Wright frå Elykatedralen vil stå for preika under messa på søndagen. Preika blir omsett til norsk i det utdelte programmet.

Ely Cathedral Choir skal også ha konsert I kyrkja i Eid kyrkje måndag 6. juli, på Skei og i Førde kyrkje tysdag 7. juli, i Bergen domkyrkje onsdag 8. juli og i Salhus kyrkje torsdag 9. juli.

Konsertane under Seljumannamesse vert arrangerte i samarbeid med Seljumannamessekomiteen i Stad kyrkjelege fellesråd. Billettar kr 275, gratis for barn under 12 år. Det blir billettsal i dora, og det blir også mogleg å forehandskjøpe billettar. Sjå oppdatert informasjon på www.seljakloster.com.

Vi gler oss til samarbeidet, og kan garantere publikum ei stor musikalsk oppleving.

Seljumannamessekomiteen 2026

Kyrkjebasar på Vassenden kyrkjesenter

Den årlege kyrkjebasaren til inntekt for Vassenden kyrkjesenter, vart halden 15. mars. Resultatet for dagen vart ny rekord!

Tekst og bilete:
INGRIG SØYLAND

Ei initiativrik og positiv nemnd selde lodd i bøker og gjennom fjesboka, dei skaffa gevinstar frå næringsliv og privatfolk, og dreiv aktiv forehandsomtale. Det kom òg mange gevinstar

frå bygdefolk, som ser kor allsidig og viktig kyrkjesenteret er for bygda – det kan brukast til det meste. Samstundes treng huset stadig små og større reparasjonar. Basaren er avgjerande for drifta, saman med inntekter frå aktivitetar og utleige. Denne gongen kom det inn ca. 90.000 kr – ny rekord! Vi takkar hjarteleg for alle bidrag – i form av loddkjøp, gevinstar og frammøte på basaren.



Bygdefolk og næringsdrivane hadde bidratt raust med vinstar til den årlege kyrkjebasaren.

EIN PLASS FOR ALLE

Born og unge i kyrkja i Jølster

VI INVITERER TIL DESSE TRUSOPPLÆRINGSSAMLINGANE FOR BORN OG UNGDOM TIL HAUSTEN

Nokre gongar er det påmelding.

- **13.-15. august**
Introdagar for nye konfirantar
 - **Søndag 13. september kl. 11:**
Hausttakkefest med invitasjon til
5 åringer i heile Jølster
 - **16.-18. oktober (?):**
Leir for 10. klassingar
 - **19. oktober etter skulen:**
Samling for 6-åringar i Helgheim sokn
på Skei misjonshus
- Samlingar for 4-åringar:
- **Tysdag 20. oktober kl. 17.30** på Vassenden
 - **Torsdag 22. oktober kl. 17.30** på Skei
 - **25. oktober: Familiegudsteneste**
med utdeling av 4-årsbok
kl. 11.00 i Helgheim kyrkje (også bok til
6-åringar) og kl. 14.00 på Vassenden
 - **27. oktober:** Barnegospel, saman med
andre barnekor i Sunnfjord, har konsert
med Bjarte Leithaug i Førdehuset
- **6. november:** Samling for 2- og 3-åringar
med dueslepp
 - **7.-8. november:** Lys vaken-leir på
Vassenden kyrkjesenter for 5.- og
6.-klassingar
 - **23. november:** Måndag etter skuletid:
Samling for 6-åringar i Ålhus sokn på
Vassenden kyrkjesenter
 - **29. november: 1. søndag i advent:**
Familiegudsteneste med utdeling av
6-årsbok på Vassenden kyrkjesenter
kl. 11 og lysmesse med konfirantar og
speidarar kl. 20
 - **3. juledag:** Juletefrest på Skei misjonshus
kl. 17
 - **4. juledag:** Juletefrest på Vassenden
kyrkjesenter kl. 17

AV FASTE TILBOD FOR BARN OG UNGDOM HAR VI:

- **VaBa-klubb** på Vassenden kyrkjesenter
annankvar tysdag kl. 17.30 – 18.30, 4
år og oppover
- **Babysong** på Vassenden
kyrkjesenter annankvar
tysdag kl. 11.45
- **Torsdagsklubb** på Skei
misjonshus kl. 17.30 – 18.45 annankvar
torsdag, 4 år og oppover
- **Barnegospel** på onsdagar etter skuletid
(annakvar veke på Skei skule og på
Vassenden kyrkjesenter) – 3. klasse og
oppover.
- **Speidargruppe** på Skei onsdagar på
Skei misjonshus - 6. klasse og oppover
- **Klubbkveldar** for konfirantar



Hjarteleg velkomen!

SONGSTUND OG ANDAKT



**I stova på
SKEI OMSORGSSENTER
kl. 11:00**

**I stova på
VASSENDEN
OMSORGSSENTER
kl. 14:00**

7. april
5. mai, 19. mai
2. juni, 16. juni

Alle er velkomne!

Helsing
prost Knut Magne Nesse,
organist Rune Molvik



**Kvar tysdag er det
tidebøn kl. 11:00**

VASSENDEN
KYRKJESENTER
ei stille stund med rom
for ro og ettertanke.
Unntak: når det er
gravferd.



NETTBUTIKK

**Alltid same pris
på nett som i butikk**

VI HANDLAR FOR DEG!

Bestill på nettbutikk.spar.no
Hent varene ferdig pakka hos
SPAR Jølsterholmen eller
få dei levert på døra.



skei@audhild-viken.no
Tlf. 57 72 81 25



MASKINENTREPRENØR

Ottar Dvergsdal AS

6843 SKEI



EIN SMAK AV TRADISJON
frå Anne Grete og Hilde

Søgnasand • 6843 Skei
Tlf. 951 10 688 / 948 97 236



COOP MARKED VASSENDEN
Måndag–fredag: 8–20
Laurdag: 8–18

Tlf: 57 72 72 00
vassenden@marked.coop.no



COOP PRIX SKEI
Måndag–fredag: 8–22
Laurdag: 8–21

Tlf: 57 72 83 77
prix@coop.no

nordfjord SKIFER *Naturstein av høy kvalitet*

Tlf. 57 72 70 16 / 917 63 804



Avd Jølster • Vikavegen 104, 6843 Skei
TLF 57 72 63 60 / 916 56 542 • EPOST svein@vestlandgruppen.no



Tlf. 57 82 70 30 • fjordan.no • eirik@fjordan.no



Støringdal • Tlf. 951 46 531 • fjordamattunet.no

ENTREPRENØR

Ivar A. Sunde AS



6847 Vassenden



Hytter, bubilplasser, båter, kajakk, fiskeutstyr, mm.
Tlf 920 62 203 Mail: post@jolvassbu.no



Åsen & Øvrelid as

Tlf. 57 72 38 50



Tlf: 57 72 74 15 • www.jolsterbygg.no • Besøk oss på Facebook

MASKINENTREPRENØR
Jostein Sunde AS
jostein-sunde.com

Graving Boring Sprenging Transport Steinmassar Kontainerutleige

post@jostein-sunde.com Tlf. 57 72 73 00



Bilelaget A/S
Erlend Slåtten
Slåtten Grind & Laft

GOOGLE: Ny hjelpar eller konkurrent?

I nye bilar kan ein ofte kommunisere munnleg med «google-dama». Seie fram reisemålet, så vert ein leia dit. Ein ser eksakt når ein er framme på reisemålet. Slik også i min nye Volvo EX 90.

Nokre gonger overraskar ho meg. Ein dag eg skulle nå noko i Høyanger sentrum, sa eg

Høyanger kyrkje. Svaret kom som vanleg. «Høyanger kyrkje skal bli. Vi drar!» Men så la ho til, «men Høyanger kyrkje er kanskje ikkje open i dag». (Det var ein torsdag.)

Ein annan gong skjedde det noko uventa i trafikken. Det ramla ut av meg eit skarpt hjartesukk, «å Herregud!». Så kom det med-

følande og omsorgsfullt frå Google-dama, «håpar det står bra til med deg..?»

Har Vårherre fått ein ny medhjelpar eller ein konkurrent..?

Steinar Dvergsdal



JUNI

7. JUNI : 2. søndag i treeiningstida
kl. 11:00 Vassenden kyrkjesenter
Gudsteneste med dåp og nattverd

14. JUNI : 3. søndag i treeiningstida
kl. 11:00 Kjøsnesheugen
Friluftsgudsteneste

21. JUNI : 4. søndag i treeiningstida
Gudsteneste i Kinn Kyrkje kl. 12:00
/Kinnaspelet , sjå eige program

28. JUNI : 5. søndag i treeiningstida
kl. 11:00 Sandalen grendahus
Gudsteneste
kl. 14:00 Helgheim kyrkje
Dåpsgudsteneste. (merk tida)

JULI

5. JULI Aposteldagen/
6. søndag i treeiningstida
Kl. 11:00 Førde kyrkje
Felles festivalgudsteneste for sokna
i Sunnfjord i samband med Førde
internasjonale folkemusikkfestival.

12. JULI : 7. søndag i treeiningstida
Kl. 11:00 Helgheim kyrkje
Gudsteneste

19. JULI : 8. søndag i treeiningstida
kl. 14:00 Ålhus kyrkje (merk tida)
Sommargudsteneste

26. JULI : Olsok
kl. 11:00 Sunnfjord Museum/Movika
Gudsteneste (om dårleg vær, er
gudstenesta i Sersjantløg)

AUGUST

9. AUGUST
Kl. 11:00 Helgheim kyrkje
11. søndag i treeiningstida
Gudsteneste

16. AUGUST
12. søndag i treeiningstida
Kl. 14:00 Vassenden kyrkjesenter
(merk tida). Gudsteneste

AUGUST

23. AUGUST
12. søndag i treeiningstida
kl. 11:00 Helgheim kyrkje
Innsetting av vår nye sokneprest
Selma Dahle Kraft.
Gudsteneste med presentasjon av
2027- konfirmantane og
50 års-konfirmant jubileum

kl. 14:00 Ålhus kyrkje (merk tida)
Innsetting av vår nye sokneprest
Selma Dahle Kraft.
Gudsteneste med presentasjon av
2027- konfirmantane og
50-års konfirmant jubileum

SEPTEMBER

6. SEPTEMBER
15. søndag i treeiningstida
kl. 11:00 Vassenden kyrkjesenter
Gudsteneste

13. SEPTEMBER
16. søndag i treeiningstida
Kl. 11:00 Grindbygget ved Helg-
heim kyrkje
Hausttakkefest/Familiegudsteneste.

20. SEPTEMBER
17. søndag i treeiningstida
Kl. 11:00 Ålhus kyrkje
Gudsteneste

Vigde

ÅLHUS SOKN
Ålhus kyrkje

02.05.26 Emma-Louise Solsvik
Thorsen og Kåre Sætenes
Strømmen

HELGHEIM SOKN
Helgheim kyrkje

23.05.26 Maria Valø og
Torbjørn Johannessen
Hjellbrekke



Døypete



ÅLHUS SOKN

05.04.26 Audun Rødvik Erikstad
(døpt i Helgheim kyrkje)
05.04.26 Mariell Fossheim Nordgulen
(døpt i Helgheim kyrkje)
19.04.26 Lucy-Sofie Grytvik
(døpt i Førde kyrkje)

Vassenden kyrkjesenter

22.03.26 Nikoline Borthem Eikås
22.03.26 Severin Hole Støfringstøl
09.04.26 Malik Bjørgum Saracevic

Ålhus kyrkje

14.05.26 Eirik Edvard Hamilton Bjørset
14.05.26 Håkon Charles Hamilton Bjørset
14.05.26 Astrid Amalie Hamilton Bjørset
14.05.26 Emilie Holsen Fugle
24.05.26 Margot Jorstad

HELGHEIM SOKN

Helgheim kyrkje

05.04.26 Audun Rødvik Erikstad
05.04.26 Mariell Fossheim Nordgulen
14.05.26 Emilie Holsen Fugle
(døpt i Ålhus kyrkje)

Sunde grendahus

25.05.26 Alfred Sunde Ripe

Gravferden



ÅLHUS SOKN

Vassenden kyrkjesenter/
Vassenden gravplass
22.05.26 Terje Aaberg

HELGHEIM SOKN

Helgheim kyrkje/Helgheim kyrkjegard

12.03.26 Harald Lunde
26.03.26 Rønnaug Årdal
30.03.26 Kari Wahl
10.04.26 Erling Ullaland
05.05.26 Finn Myklebust
07.05.26 Birgit Kjøsnes
19.05.26 Gerd Jofrid Aud Dvergsdal
28.05.26 Olaug Søgnesand

Her er lista over planlagde gudstenester. Det kan verte endringar. Følg med på heimsida vår, på Facebook, eller «Det skjer» i Firda.

<https://www.kyrkja.no/jolster>

<https://www.facebook.com/kyrkjeneijolster>

Takk og takk

Vi i styret og andre gode medarbeidarar for Vassenden Kyrkjesenter har drøfta på kva måte vi kan greie å nå ut til alle vi ynskjer å takke for arbeidsinnsats og gåver. Det er eit kjempestort arbeid som vert lagt ned for å halde ved like og drive eit så stort hus som Kyrkjesenteret er.

Det er først og fremst PENGEGÅVER og DUGNAD som held drift i huset. Derfor vil vi takke for :

MINNEGÅVER

Tusen takk for minnegåver i år og tidlegare år. Når pårørende må planlegge gravferd, kjem også spørsmålet om minnestund og minnegåver. Det gjer godt når Kyrkjesenteret vert med i dette. I 2025 fekk vi minnegåve frå Bernhard Strand si gravferd.

TESTAMENTARISKE GÅVER

Vi er alle oppfordra til å skrive framtidsfullmakt/testament. I 2025 har Kyrkjesenteret

motteke ei testamentarisk gåve på kr 100.000. Det varmar og gjer oss utruleg takksame. Vi har også tidlegare motteke slike gåver, der gjevar ville vere anonym.

FØDSELSDAGSGÅVER

Når mange av oss nærmar seg høg alder, kan det vere at vi treng rydde i skuffer og skap i staden for å fylle dei opp. Gåver til ei god sak kan då vere eit godt alternativ. Ei slik raus gåve på omlag kr. 22 000 ynskjer vi å takke 80-åringen Inger Lind Aasen for. Og takk alle dykk andre tidlegare gjevarar, også de som har sendt pengar rett på konto.

DUGNADSGÅVER

Skal tru kor mange dugnadstimar som er lagt ned dei siste 25 åra? Lista med dugnadsfolk hadde fylt ei heil Hyrdingrøyst om alt hadde vorte skrive ned. Tenk kor mykje pengar dette utgjer! Og så er det utruleg kjekt med dugnad. Positive folk, godt humør og stor arbeidsvilje. Mange er komne i høg alder, men heldigvis har vi med folk i alle aldrar. Vi seier

som Riiber (100 år) som har ein fast dugnadsdag kvar veke: «For kvar dugnadsdag får vi ei ekstra veke på jorda»! Alder inga hindring. Vi har bruk for alle i alle aldrar.

Ein av dei faste dugnadsarbeidarane er Bjarne Aasen. Når vi har eit arbeid som er litt krevjande med omsyn til handlag og innsikt, så seier vi: «Spør Bjarne». Svar: «Tja, eg kan no alltid prøve». Og resultat: Kom og sjå! Takk Bjarne! Dette er eit døme på dugnad som sparer Kyrkjesenteret for mykje pengar.

Under dugnad kjem også kyrkjebasaren som i år var 15. mars. For ein gjeng og for ein innsats. Resultat: omlag kr 90.000!

Vi rettar ei stor TAKK til alle dykk som er med og driv Vassenden Kyrkjesenter i form av gåver, dugnad og omtanke! De skal vite at kalenderen heldigvis er ganske fullteikna med aktivitetar for born, unge og vaksne i alle aldrar. Då kan vi kalle dette for «Kyrkja vår»!

Helsing Styret i Vassenden Kyrkjesenter

Dugnad



Kvar vår er det dugnad i og rundt kyrkjesenteret. I år møtte rundt 30 dugnadsfolk som reinska, rydda og vaska.